



## NOTAT

### SVAR PÅ SPØRSMÅL KNYTT TIL ØKONOMIPLAN 2022 - 2025

Til: Kommunestyret

Frå: Kommunedirektøren

#### Saka gjeld:

Dokumentet inneheld spørsmål frå folkevalde til økonomiplan 2022-2025 med svar frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren svarar samla til alle medlemmar av kommunestyret.

Nr	Type	Omtale
1	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV) Svar frå kommunedirektøren	<p>Kor stor er stillinga som helsesjukepleiar på Bryne vgs? Og er det gitt at Time kommune skal betale for stillinga?</p> <p>Kommunen har ansvar for skulehelseteneste opp til 20 år, og dermed òg for Bryne vgs. Me har 1 stilling à 80% som arbeider på Bryne vgs og 1 stilling på 100% kor ca 90% er på Bryne vgs. Resten på 10% er ved helsestasjon for ungdom (HFU). Deling mellom Bryne vgs og HFU varierer litt, så dei 170% på Bryne vgs er ikkje heilt rigid.</p> <p>«Helse- og omsorgstjenesteloven» §3-1 presiserer kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester. Dette er vidare regulert i «forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten». (Sjå utdrag av §3 i denne forskrifta under). Den presiserer kommunens ansvar opp til 20 år. Den seier at me både skal ha skulehelseteneste <u>og</u> helsestasjon for ungdom opp til 20 år.</p> <div style="border: 1px dashed black; padding: 5px;"><p><b>§ 3. Kommunens ansvar for helsestasjons- og skolehelsetjenesten</b></p><p>Kommunen skal tilby:</p><ul style="list-style-type: none"><li>a) svangerskaps- og barselomsorg ved helsestasjon,</li><li>b) helsestasjons- og skolehelsetjeneste til barn og ungdom 0–20 år.</li></ul><p>Helsestasjons- og skolehelsetjenesten skal ha et tverrfaglig tilbud.</p><p>Den som har det overordnede ansvaret for virksomheten skal sørge for at det etableres og gjennomføres systematisk styring av virksomhetens aktiviteter i tråd med <a href="#">forskrift 28. oktober 2016 nr. 1250</a> om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten.</p><p>Kommunen skal dekke alle utgifter til helsestasjons- og skolehelsetjenesten.</p><p>Driften av helsestasjons- og skolehelsetjenesten kan skje ved interkommunalt samarbeid.</p></div>

2	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mange barn i Time i 2020 levde i låginntektsfamilie etter EU-skala 60%? (Eg vil ha tal, ikkje prosent.) Og kor mange etter 50%?
	Svar frå kommunedirektøren	2020-tala kjem i mars 2022. Statistikk som er kobla mot skattelikninga vert publisert to år i etterkant. Dei siste publiserte tala er derfor 2019-tala. EU-skala 50 prosent                    275 (5,9%) EU-skala 60 prosent                    456 (9,8%)
3	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mange bruker tilbodet Jærkort? Kor mange får gratis internett?
	Svar frå kommunedirektøren	150 frå kvar kommune, sjå side 20 i økonomiplanen. 29 familiar får dekkja internett så langt i år.
4	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mange barnefamilier får redusert betaling i barnehage. Kor stor er reduksjonen? Kor mange familier får gratis kjernetid? Kor mange timer pr uke er "kjernetid"?
	Svar frå kommunedirektøren	Tala gjeld for barnehageåret 2021-2022 (søknader pr i dag). <ul style="list-style-type: none"> <li>• 97 familiar (108 barn) får redusert foreldrebetaling.</li> <li>• Omfang av reduksjon vil vere: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ kr. 2 938 034,- reduksjon for haust 2021</li> <li>○ kr. 3 678 732,- reduksjon for vår 2022</li> </ul> </li> <li>• 96 barn (av dei 108) har gratis kjernetid, som utgjer 20 timer pr veke</li> </ul>
5	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mange familier får redusert betaling i SFO?
	Svar frå kommunedirektøren	51 familiar får redusert betaling i SFO.
6	Spørsmål frå Ole Jørgen Alstadsæter (H)	Hva ligger bak posten «økte utgifter til legevakt»?
	Svar frå kommunedirektøren	I KS-033/21 gjekk kommunestyret inn for legevaktsamarbeid med Klepp og Hå om legevakt heile døgnet. Dette samarbeidet skal gjelda frå 01.06.22.  I følgje saksframlegget er kostnaden for samarbeidet rekna til kr 6 580 395 årleg for Time kommune. I dette beløpet er ikkje utgifter til psykososialt kriseteam (som Time har felles med Klepp) med.  Time sine utgifter til den ordinære legevakta i 2020 var kr 6 442 416 inkl. utgifter til psykososialt kriseteam. Utgifter til felles luftvegslegevakt er ikkje med i dette beløpet.  Dette betyr auka utgifter til legevakt i 2022.
	Spørsmål frå Jon Torger Hetland Salte (MdG)	I Klepp har dei ei gruppe i heimesjukepleien som heiter «arbeidslag demens» (ALD).  Grappa er ei mindre arbeidsgruppe som har tettare oppfølging av brukarar med demensdiagnosar.  Er dette noko Time kommune kunne vurdere, både for å gje brukarane høve til å bu heime lengre, og for å minimera bruken av langtidsplassar på institusjon?
7	Svar frå kommunedirektøren	Time kommune har et Hukommelsesteam som ledes av demenskoordinator. Her er link som beskriver oppgavene og tjenestetilbudet: <a href="https://www.time.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/fleire-tenester/demenskoordinator/">https://www.time.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/fleire-tenester/demenskoordinator/</a>  Teamet er tverrfaglig sammensatt, og ansatte i hjemmetjenesten deltar i

		<p>regelmessige samlinger. Samlingene har fokus på erfaringsutveksling og kompetanseheving. I tillegg har vi «Treffpunktet» ved Time Frivilligsenter kafe og aktivitet. Dette er en møteplass for yngre personer med demenssykdom som til nå har blitt rekruttert av demenskoordinator. Dette har vært et prosjekt som tenkes videreført inn i driften fra 1.jan. 2022. Her er link som beskriver tilbudet:  <a href="https://www.time.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/tenester-for-heimebuande/hukommelsesteam/">https://www.time.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/tenester-for-heimebuande/hukommelsesteam/</a></p> <p>I hjemmetjenesten har vi mange ansatte som har gjennomgått opplæringsprogrammet «Demensens ABC». Det er kontinuerlig fokus på kompetansehevende tiltak. Særlig aktuelt gjorde dette seg etter tilsyn/egenvurdering v/ Statsforvalteren i 2020. Tilsynet har gjort oss særlig bevisste på å systematisere opplæringen i forhold til arbeid med personer med demens.</p> <p>Vi har ikke konkret «Arbeidslag demens», men jobber systematisk i. f. t. primær- og sekundærsykepleie. Denne organiseringen bidrar til økt kontinuitet, forutsigbarhet og kvalitet i oppfølging av personer med demens.</p>
8	Spørsmål frå Sverre Risa (KrF)	<p>De har i dag 1,4 årsverk finansiert av kommunen + 0,25 årsverk med prosjektmidler (Friskliv Ung Jæren) fra Statsforvalteren ut 2021.</p> <p>I økonomiplanen (side 53 og 60) sier en at satsingen «Friskliv Ung Jæren» skal implementerast i ordinær drift fra 2022, men uten økning av antall årsverk – men at en skal øke til 2 årsverk fra 2023.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hvilke arbeidsoppgaver er det som skal utgå fra 2022, og som en mest sannsynlig skal starte opp igjen med i 2023?</li> <li>• Hadde det ikke vært bedre å beholde disse også i 2022, slik at en ikke trenger å starte på nytt igjen fra 2023?</li> <li>• Hva vil kostnaden være for 0,25 årsverk, eller eventuelt økning til 2 årsverk allerede nå fra 2022?</li> </ul>
	Svar frå kommunedirektøren	<p>Prosjektet «Friskliv ung» fekk 50 000 i folkehelsemidlar i 2020. Bruken av desse skjer hausten 2021. Det er ikkje lagt inn nye friske midlar frå 2022. Prosjektet må vidareførast innan ramma.</p> <p><b>Første kulepunktet:</b>  Basistilbudene vil bli opprettholdt, det vil si helsesamtaler, treninger og kurs i samarbeid med kommunene Klepp, Hå og Gjesdal. Disse tilbudene er godt innarbeidet og er kjernen i frisklivsentralen.</p> <p>Eksempler på tilbud som kan/vil bli redusert:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Friskliv Ung og det tette samarbeidet inn mot NAV Klepp-Time, vil bli redusert. Friskliv Time kan ikke stille på kurs og oppfølging av ungdom, samt ta del i veiledning og opplæring av ansatte i NAV. Klepp frisklivsentral er også med og deler på oppfølging av tilbudet Friskliv Ung.</li> <li>• Konsekvensen er at frisklivsentralen i Time vil miste den tette kontakten og oppfølging av unge voksne.</li> <li>• Samarbeid med helsestasjonen rundt oppfølging av barn med overvekt</li> </ul>

		<p>er ressurskrevende og vil kunne bli redusert.</p> <p><b>Andre kulepunkt:</b> Ja.</p> <p><b>Tredje kulepunkt:</b> 0,25% årsverk vil ha en kostnad på ca kr 175 000 og 60% kr 420 000 (ved kr 700 000 for 100% stilling inkl. feriepengar og arbg.avg.). Det er mulig å legge noen fysioterapioppgaver inn i frisklivscentralen og dermed kreve fastlønnstilskudd for ett årsverk, ca kr 220 000. Det kommer til reduksjon og en økning med 60% stilling allerede fra 2022 får kostnad kr 200 000.</p>
9	Spørsmål frå Jon Torger H. Salte (MdG)	<p>Under kapittel 5,1.3 - Tiltak i 2022 står det at ein skal sjå på «Lokalisering av kulturskulen for å møte kapasitetsutfordring ved Bryne skule og i kulturskulen».</p> <p>Under kapittel 5.1.1 står det om kulturskulens utfordringar og «[...]auke i elevtalet på Bryne skule, gjer at ein i <i>komande</i> økonomiplanar må sjå på løysingar for framtidige lokalitetar for kulturskulen.» (mi utheving)</p> <p>Kvifor er det tilsynelatande motsetnad mellom desse to utsegna? Dersom tiltaket er å <i>sjå</i> på det i 2022, må vel <i>komande</i> økonomiplanar leggja inn konkrete investeringar eller leigeutgifter, som då har vore arbeidd med i revisjonen av strategiplan i 2022.</p> <p>Situasjonen for lokalitetene har vore prekær ei god stund. Er det allereie nå moglegheit å seie noko om korleis utfordringane kulturskulen har med lokale kan bli løyste raskt, eller gjort noko betre? Er det sett på moglegheiter for leige av omkringliggjande lokale, som til dømes øvingsrom ved Kulturbanken?</p>
	Svar frå kommunedirektøren	Viser til politisk sak etter bestilling frå kommunestyret. Vart handsama i utval for levekår i møte 17.november ( <a href="#">sak ULE 049/21</a> ). Saka vert og handsama i kommunestyret i møte 14.12 2021.
10	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Er det ein plan for innkjøp av nye lærebøker etter den nye læreplanen?
	Svar frå kommunedirektøren	<p>Ny læreplan blei gjeldande frå august 2020. På dåverande tidspunkt var det gjort tilgjengeleg bøker og digitale læremiddel i nokre fag frå ulike forlag. Ein del læremiddel i ulike fag er hausten 2021 framleis under utarbeiding. Det er mange aktørar som ønskjer å selja sine produkt, og marknaden er endra som følgje av den digitale utviklinga. Val av læremiddel er ei stor investering for skulane. Det fordrar ei vurdering på skulane av kvalitet og innhald i læremidla sett opp mot innhaldet i læreplanen. Forlaga ønskjer å selja heile "pakkar" til skulane som inkluderer dei fleste faga med ulike ressursar. Dette medfører at skulane ikkje har det same handlingsrommet som tidlegare til å velja bøker eller digitale læremiddel frå ulike forlag i ulike fag.</p> <p>Det har vore gjennomført prosessar i leiarmøta med skulane med utgangspunkt i tilrådingar på Udir sine sider; <a href="#">Planlegg vurdering av læremidler</a>. Skuleåret 20/21 har skulane brukt til å testa ulike digitale</p>

		<p>læremiddel og gjort vurderingar av ulike fagbøker. Våren 21 delte ein erfaringar som var gjort så langt, og skulane fekk i oppdrag å planlegga for prosessar i eigne personale. Deling og status mellom skulane vert tema i leiarmøte vinteren 22.</p> <p>Kommunen har fått følgjande statlege tilskot som er tildelt skulane ut frå elevtal:  2020: 726 698 kr  440 608 kr  2021: 433 688 kr</p> <p>Kommunalt tilskot etter vedtak i KS i 2020 (årsrekneskap)  2021: 700 000 kr</p> <p>I forslag til økonomiplan 2022-2025  2022: 250 000 kr</p> <p>Sum ressursar til læremiddel (inkl forslag i ØP22-25) er 2 550 994 kr. Talet på elevar er per nå 2633 i Timeskulen.  Sum fordelt på kvar elev vert omlag 970 kroner.</p>
11	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje vil det koste å kjøpe nye oppdaterte lærebøker til alle elevane i Time-skulen?
	Svar frå kommunedirektøren	<p>Dersom ein går til innkjøp av berre fysiske lærebøker der ein legg ein gjennomsnittspris per bok på 500 kroner i t.d. 7 fag (no, mat, eng, nat, samf, Krle, 2. framandspråk) til grunn vil det medføre ein investeringskostnad på ca 9.2 mill.</p> <p>Dersom ein vel digitale læremiddel vil det medføre faste årlege driftsutgifter til lisenskostnadar. Dømet det er rekna ut frå er berre ei basispakke, og skulane vil ha behov for lisensar også på kartleggingsmateriell m.m.</p> <p>Døme: Årleg kostnad per elev for Skolestudio 1.-7 basis (mat, no, eng, samf, nat) er 420 kroner. Totalkostnad for 1933 elevar på barneskulen er 812 000 kroner.  Prisen per lisens for 8.10 trinn er 490 kroner. Totalkostnad for 700 elevar på ungdomsskulen er 343 000 kroner.</p> <p>Årleg lisenskostnad for alle elevane på 1.-10. trinn er 1,16 mill.</p> <p><b>NB:</b> Skulane har behov for både fysiske bøker og digitale læremiddel i ulike fag. Reknestykket vil avhenge av kva den enkelte skulen i sitt personale etter arbeid med val av læremiddel kjem fram til.</p>
12	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje vil det koste for kvar skule?
	Svar frå kommunedirektøren	<p>Med utgangspunkt i opplysningane i svaret over vil kostnadane for ein barne, -ungdomsskule vera:</p> <p><b>Bryne skule:</b>  890 750 kroner for fysiske bøker i 7 fag til 509 elevar  Minimum 213 780 kroner i årlege driftskostnadar for digitale læremiddel for 509 elevar</p> <p><b>Bryne ungdomsskule:</b>  1347 500 kroner for fysiske bøker i 7 fag til 385 elevar  Minimum 188 650 kroner i årlege driftskostnadar for digitale læremiddel for</p>

		385 elevar.  <b>NB:</b> Gjer merksam på at me ikkje har tatt med bøker i alle fag.
13	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje kostar det å gje gratis SFO til alle førsteklasingar?
	Svar frå kommunedirektøren	Det er pr dato 190 (av totalt 250) i første klasse som nyttar SFO. Dersom alle desse skal ha gratis SFO vil det koste om lag 6,4 millionar årleg. I tillegg kan me rekne med at fleire vil ta i bruk tilbodet og då må kanskje bemanninga styrkast.
14	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje kostar det å redusere prisen på SFO med 30, 40 og 50 % for 1. og 2 klassingar?
	Svar frå kommunedirektøren	Det er 381 elevar i 1. og 2, klasse som nyttar SFO per november 2021.  Med 50 % rabatt vil det koste om lag 5,5 millionar  30 % rabatt om lag 3,4 millionar
15	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje vil det koste å gje søskenmoderasjon for familier med barn i både barnehage og SFO?
	Svar frå kommunedirektøren	Vi har SFO og barnehage i to ulike datasystem. Dersom dette skal samkjørast vil det blir mykje manuelt arbeid kvar månad. Me har heller ikkje tal for kor mykje dette vil koste.
16	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor ligg prosjektleiaren til Svertingstad i budsjettet? Kva slags type prosjektleiar er det?
	Svar frå kommunedirektøren	Viser til Kommunestyre sak 073/20. Her er det lagt inn prosjektleiarstilling i 2024, dette er følgt opp i budsjettplan. Prosjektleiaren er tenkt å ha dialog med alle involverte partar, både framtidige bebuarar, pårørande, tenestekontor, husbanken, utbygger, plan , utbygger mm og vil vere organisert i linje under verksemdsleiar for miljøtenesta.
17	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje kan det koste for kommunen at kvar av disse familiene løyser utfordringa privat?
	Svar frå kommunedirektøren	Alle innbyggjarar som har behov for bistand frå kommunen får individuelle vurderingar etter vedtatte kriterium. Dette varierer mellom den enkelte innbyggaren og kan variere over tid. Viser til kommunestyresak 073/20 3. punkt: « <i>Fremtidige bofelleskap skal byggjes for minimum 6 personer og lokaliseres slik at en sikrer en berekraftig drift</i> ». Dette for å kunne oppnå samdriftsfordeler i drift både gjennom å sikre eit solid fagmiljø, store stillingar og økonomisk berekraft. Eit døme er om samdrift kan bidra til at det er behov for ein nattevakt mindre, det tilsvarer ca 1, 5 millionar kroner.
18	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kva må til for å sette i gang med planlegging av bustad for ungdommar på Kvernaland til neste år?
	Svar frå kommunedirektøren	Omsorg har svært mange prosjekt på gang. Det vil då vere behov for å tilsetje ein prosjektleiar. Det krev og utgreiing og gjennomgang av kva andre kommunale bustader som det er mest formålstenleg å lage felles personalbase med, og dessutan at Husbanken godtar at prosjektet blir godkjente, det er berre då innbyggjarar kan få tilskot.
19	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje vil det koste med ein prosjektleiar til foreldreinitiativ på Kvernaland?
	Svar frå kommunedirektøren	Viser til Kommunestyresak 073/20 her er det budsjettert med ein kostnad på 700 000, det vil truleg og vere drifts og administrasjonskostnader knytt til dette på cirka 75 000 kroner.
	Spørsmål frå Beate	Kor mykje betalar kommunen for å vere med i New Kaupang?

20	Aasen Bøe (SV)	
	Svar frå kommunedirektøren	100 000 kroner.
21	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kva andre medlemskap er det kommunen er med i? (Utover dei som står i planen)
	Svar frå kommunedirektøren	Kommunen er medlemmar av ulike faglege foreningar og nettverk. Det eksisterar ikkje noko sentralt register over alle typar medlemskap som einingane er medlem i. Av meir sentrale medlemskap kan det nemnast: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Landssamanslutninga av nynorskkommunar</li> <li>• Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar</li> <li>• New Kaupang</li> <li>• Prosjekt Energihovedstaden</li> <li>• Regionalt reiselivsprosjekt for å fremma heilårsturisme</li> </ul>
22	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mykje vil kommunen betale i godtgjering til dei folkevalde i 2022?
	Svar frå kommunedirektøren	På konto for politikarane 1080 160 er det sett av 4,3 millionar kroner. I tillegg kjem pensjon for ordførarar og arbeidsgivaravgift for alle.
23	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Er stillingane som skal kuttast i reinhald (skule og rådhus) allereie vekke?
	Svar frå kommunedirektøren	Stillingane er alt borte.
24	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mange flyktingar tok Time imot i 2021?
	Svar frå kommunedirektøren	Time kommune har pr 09.11.21 teke imot 25 flyktingar i 2021.
25	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Kor mange søkte om plass i kulturskulen, og fekk 2. eller eit lågare ønske?
	Svar frå kommunedirektøren	Venteliste pr.idag: 259 (etter opptaket). Dette er i hovudsak allereie aktive elevar. Nokre nye grupper har gjort at tilbod går ut til fleire yngre barn. Det er ikkje oversikt over kven som fekk andre eller lågare ønskje. Om dei ikkje får plass på 1. ønskje vil dei stå på venteliste til det evt blir plass. Erfaring viser at elevar sjeldan skiftar når dei først har starta opp på eit tilbod. Hovudvekta av dei som sett opp fleire val handlar om ulike instrument på fagkategori musikk. Hovudopptak i mai/juni og søknadsfrist er 1. mai. Då er òg frist for å seia frå seg aktiv plass for komande haust. Frist for å seia frå seg plass for vårsemesteret er 1. desember. Tildeling skjer etter ledig kapasitet - søkjaransiennitet, alder og distriktplassar gjeld ved tildeling. Nokre plassar ved forsering – Alle Med og elevplassar finansiert av Røde-Kors Coopdugnaden. Det er òg elevplassar som blir tildelt etter spesiell førespurnad frå skule og/eller andre einingar i oppvekst. Kapasitet for inntak av restplassar som evt oppstår i løpet av skuleåret skjer etter gjeldande venteliste og evt. forsering av plassar. Opptak til aktiv elevplass for skuleåret 21-22 har hatt som mål å gi tilbod til søkjarar som ikkje har aktiv elevplass frå før - målet er å gi eitt fagtilbod til fleire barn/ungdom. Flest mogleg skal få glede av kulturskulen.
26	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	5200: Anna tomtsal. Kva tomter gjeld det?
	Svar frå kommunedirektøren	Det gjeld tomter på området BL3 Lyefjell.



27	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Blir alle jærkorta delt ut kvart år? Korleis kan du få vite om jærkortet?
	Svar frå kommunedirektøren	Alle Jærkorta vert delt ut kvart år. Det er NAV som informerer om tilbodet i deira dialog med barnefamiliar i kommunen. Det gjeld ikkje berre mottakarar av sosialhjelp, men familiar NAV vurderer kan ha behov for kortet.
28	Spørsmål frå Beate Aasen Bøe (SV)	Korleis vil dei høge straumprisane påverke kommuneøkonomien med tanke på aukte utgifter til straum til offentlege bygg, gatelys osv?
	Svar frå kommunedirektøren	Kommunen vert i mindre grad råka av dagens høge straumpris grunna eigen strømvartale med Lyse. Per nå kan derfor ikkje kommunedirektøren sjå at dette påverkar kommuneøkonomien i nemneverdig grad for 2021 eller 2022. Skulle dette utgangspunktet bli endra vil kommunedirektøren koma tilbake til saken i tertialrapportane i 2022.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskriven signatur*